



Referat 16. januar 2013.

REGIONUTVALG SAUEAVL VEST

Referat frå møte i Regionutvalg Vest på Quality Airport Hotel Stavanger den 4. januar 2013.

Desse møtte: Rolf Arne Torgersen, Per Johan Lyse, Tore Atle Sørheim, Audun Nedrebø, Thor Blichfeldt, Berit Pettersen, Rune Osland og Kjell Steinar Løland (skrivar).

SAK 1/ 2013 Innkalling godkjent.

SAK 2/ 2013 Referat frå møte 13. juni godkjent.

SAK 3/ 2013 Høyring avlsarbeidet på sau.

Regionutvalget gjekk gjennom svara frå høyringa frå veraringane. Svara frå kvart fylke kan bli samanfatta slik:

VEST-AGDER

1. VERARING: Delt uttale, der to ringer vil ha fylkesring og to slik som i dag.
2. ORGANISASJONSMODELL: Same organisering som i dag med regionar og regionkonsulent. Vest Agder ynskjer fortsatt å tilhøyra region Vest.
3. TILSKOT TIL AVLSARBEID: Tilskot til avlsarbeidet som i dag. Hvis regelverk blir endra kan det bli aktuelt å ta opp igjen om andre rasar skal få tilskot.
4. EIGARSKAP TIL VERER: Må vera tilknytta veraring.

ROGALAND

1. VERARING: Ringstruktur som i dag, ingen vereringar vil ha fylkesring. Grunnen til dette er at tilhørighet dugnadsånd og medbestemelse vil bli mindre. Mange ringar/medlemmer gjer det vanskeleg å samla desse i ring for heile fylke.

2. ORGANISASJONSMODELL: Vidareføring av dagens organisering er ynskje frå Rogaland. Men fleire ringar har ikkje innvending til at region Aust blir delt i to. Ringane peikar på at medlemmer i veraring, sauetal, testa prøveverer, og ikkje berre geografi må telja med i vurderinga av representantar frå Region Vest i Avlsrådet.
3. TILSKOT TIL AVLSARBEID: Dei fleste veraringane vil gje tilskot til alle som er med i organisert avlsarbeid i veraring. Mindretal vil ikkje gje tilskot til kjøtsau, då tilskot til NKS må prioriterast til gransking på O-indeks.
4. EIGARSKAP TIL VÆRER: Fellesskapet (veraringane) må eiga verane. Dei som ikkje ville gi tilskot til kjøtsau, svara ja til avkomsgransking av desse i enkeltflokkar.

HORDALAND

1. VERARING: Ikkje stemning for å danne fylkesring, må behalda lokal styring og dugnadsånd i ringarbeidet. Dette er ein redd vil bli redusert med samanslåing av ringar.
2. ORGANISASJONSMODELL: Dei fleste ringar vil behalda regionmodellen slik den er i dag. Mindretal har svara dei ikkje vil motsetja seg at region aust blir delt, og at det er grunnen til at dei har vald 2b. Fordeling av midler frå NSG må ikkje bli endra av at aust blir delt i to regionar.
3. TILSKOT TIL AVLSARBEID: Tilskot til alle rasar med avkomsgransking
4. EIGARSKAP TIL VÆRER: Eigarskap til verer må vera verering, ikkje offisiell indeks til testing utan tilknytning til veraring.

SOGN OG FJORDANE

1. VERARING: Det må vera ynskje frå "grasrota" dersom veraringar skal slås saman. Det er ikkje ynskje om fylkesring.
2. ORGANISASJONSMODELLER: Ein ser dagens regionmodell som den beste. Vil behalde avlsutvalg, regionutvalg og avlsråd som i dag.
3. TILSKOT TIL AVLSARBEID: Avkomsgransking på NKS, Spæl, Sjeviot og Pelssau, desse rasane bør gi rett til tilskot. Usikker på farga spæl, må då granske etter same avlsmål som kvit spæl. Ikkje granskingstilskot til kjøtsau.
4. EIGARSKAP TIL VÆRER: For å få offisiell indeks må verene vera eigd av veraing.

Forslaga frå Oppland og Buskerud blei referert, det same blei brev frå intresselaget for farga spæl.

Regionutvalget i Vest – Vedtak på høyring :

1. VERARING: Stort fleirtal i veraringane i Region Vest for å ha ringstruktur som i dag. Det vil bety at det ikkje skal opprettast fylkesring, etter mal frå Oppland. Veraringane må ikkje bli tvinga inn i ein ringstruktur dei ikkje ynskjer.
2. ORGANISASJONSMODELL: Ingen av veraringane i Vest har svara at dei vil leggja ned Regionleddet, stor einighet om dette må vidareførast med 4 regionar. Det var einighet om å vidareføra stilling som regionkonsulent. Vest-Agder bør forsatt vera tilslutta Region Vest.

Representantar i Regionutvalg frå fylka må kunne ta vare på synspunkta til alle rasar, det bør bare vera 1 representant frå kvart fylke i Regionutvalget.

AVLSRÅDET

Leiar i Avlsrådet bør som no bli utpeika av styret i NSG.

Avlsrådet bør bestå av leiar i dei 4 regionane som vi har i dag. Hvis det blir 5 regionar bør størrelse på region telja med, som den klart største bør då Region Vest få to representantar i Avlsrådet.

Representantane frå regionane skal ta vare på synpunkt til alle rasar, slik som det er i dag.

Vi vil ha representantar frå slakteria med i Avlsrådet, men er usikker på om dei skal ha stemmerett.

IHA/UMB bør stille med representant i Avlsrådet med stemmerett.

Animalia/Sauakontrollen kan møte som observatør utan stemmerett.

REGIONUTVALGET

Vidareføring av den ordninga vi har i dag.

Leiar i avlsutvalg/avlsansvarleg i kvart fylke møter i Regionutvalget.

Representantar frå KLF og Nortura møter i Regionutvalget, desse bør ha stemmerett.

Desse er valgkomite når det skal veljast leiar i Regionutvalg.

Leiar i Reionutvalget blir vald blant representantane frå fylket.

AVLSUTVALG

Det bør vera opp til Fylkestyre i NSG å organisera råd/utvalg innan avl. Fylket oppnevner representant i Regionutvalg etter forslag frå veraringane.

3. TILSKOT TIL AVLSARBEID

NKS, Kvit Spælsau og Sjeviot må få tilskot som i dag.

Tilrår tilskot til farga spæl dersom dei vil driva avlsarbeidet på same måte som kvit spæl.

Pelssau har no eit avlsopplegg som gjer at dei kan få framgang. Dei driv eit godt avlsarbeid, og bør få tilskot etter same regler som andre rasar.

Kjøtsauavl må vurderast av Avlsrådet. Det må lagast ein plan for vidare satsing. Slik det er i dag vil vi ikkje gje tilskot til testing av kjøtsau.

Bør kunna vurderast kjøtsau på eit seinare tidspunkt, når vidare satsing på kjøtsauavl er avklara og det er kome på plass eit regelverk.

4. EIGARSKAP TIL VÆRAR

Alle verar som får tilskot frå NSG skal eigast av vereringar. Kjøtsau som ikkje får granskingsstilskot, kan få berekna offisiell indeks utan at dei er eigd av vereringen.

SAK 4/ 2013 MØTESERIE FOR VERARINGANE I REGION VEST.

Thor Blichfeldt blir med på ein møteserie om avl for veraringsmedlemmer i vest.

Sogn og Fjordane: 12. januar 2013 på Skei hotell, Jølster

Hordaland: 23. januar 2013 på Thon Hotel Bergen Airport , (endra stad for møte)

Rogaland: 1. februar 2013 på Quality Airport Hotel Sola

Vest -Agder: 22. Februar 2013 på Eiken Feriesenter

Program for møte i Sogn og Fjordane er utsendt. Møteprogrammet blir i hovedtrekk det same i dei andre fylka.

Dei andre sakene på sakskartet blei utsett til eit seinare møte.

